

Fra: Larissa Dahl
Sendt: fredag 22. april 2022 15:17
Til: Postmottak Alver
Emne: sak 20/5517 uttale vedr.ny veg og avkøyrsløysle for hytte gbnr 327/73
Vedlegg: Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 327_4.pdf; Situasjonsplan avkjørsel Moldekleiv.pdf

Hei, kunne dere åpne saken igjen og lagre denne e-posten på sak 20/5517? Tusen takk!
Mvh Larissa Dahl

Frå: Irene Nærbø Wilhelmsen <irene.wilhelmsen@alver.kommune.no>
Send: fredag 22. april 2022 15:12
Til: tinamer80@gmail.com
Kopi: Larissa Dahl <larissa.dahl@alver.kommune.no>
Emne: Ny veg og avkøyrsløysle for hytte gbnr 327/73

Hei,

Her kjem eit utfyllande svar etter telefonsamtale 22.04.22.

Eg snakka med og har diskutert saka med Larissa Dahl. Det som er gitt av byggesak i denne saka er dispensasjon for å få løyve til å bygge vegen over landbruksområde.

Etter samtalen fann eg avkøyringsløyvet. Den er knytt mot hovudbruket som er gbnr 327/4. Difor fann eg det ikkje då me snakka på telefon. Legg det ved her om du ikkje har det frå før.

Vidare prosess for å få etablert vegen, er at du må få på plass ein entreprenør som kan være ansvarleg søknad for tiltaket.

Det må sendast søknad til kommunen v/byggesak om løyve til å etablere tiltaket. Saman med tiltaket må det søkjast dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg, slik det står i avkøyringsløyvet.

Informasjon om slik dispensasjon finn de på <https://www.alver.kommune.no/innhald/veg-vatn-avlop-og-boss/veg/byggjegrensse-til-offentleg-veg/>

Vedlagt søknad om løyve for tiltaket må ligge:

- Godkjent avkøyringsløyve
- Signert grunnavtale om vegrett over gbnr 327/4
- Signert grunnavtale om rett til å etablere veg i ytterkant av gbnr 327/130
- Søknad om dispensasjon frå avtandskravet til kommunal veg. Vis til saksnr 21 /958 ved slik søknad.

Ta kontakt om noko er uklart.

God helg!

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør forvaltning veg, vatn og avløp

Telefon: +47 994 66 658

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

